

Statens Vegvesen Region Vest v/G.Vangsnes  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7844 - 14/27836

Saksbehandlar:  
Tor Hegle  
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:  
15.12.2014

## Pålegg om tiltak mot forureininga frå avfall. Nedgravde bildekk, E39 ved Leknes

Det vert vist til førespurnad frå Statens vegvesen v/G.B.N.Vangsnes der vi er blitt bedt om å ta stode til forureining knytt til nedgravde bildekk ved E39, Leknes.

Fyllinga ligg på Gbnr 195/173, kryssing mellom austsida av E39 og Lekneselva.

Det vert vist til oversendt rapport frå Rambøhl datert 04.07.2014.

I Rambøhl si tilråding til tiltak går det fram følgjande:

*Det anbefales tildekking av massene med tett membran, og etablering av grøftesystem som kan lede overflatevann til Lekneselva. Videre anbefales det av sigevann fra fyllingen bør overvåkes med prøvetaking vår og høst i 3 år, deretter årlig prøvetaking om verdier av metaller og organiske miljøgifter viser seg på stabilt nivå.*

### Vurdering.

Fyllinga ligg i eit område, der muleg forureining vil kunne påverke beite for sau.

Som følgje av plasseringa og dei stadlege topografi og forholda, vert det pårekna at ei overdekning vil bøte på fare for skade på sau og minimere risiko for overføring av eventuelle miljøgifter til miljø og til sau.

Vi vurderer at det er tilstrekkeleg å gjennomføre tildekking i samsvar med tilvisingane frå rapport frå Rambøhl datert 04.07.2014. Dersom analysane ikkje viser auke i analysersultata knytt til parametraner vist i rapportens tabell 3, vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare oppfølging når ein periode på 3 år er ute.

### **Vedtak:**

Med heimel i forureiningslova § 7 vert det gitt følgjande pålegg:

1. Bildekkfyllinga skal tildekkast med tett membran. Membran må overdekkast. Det skal etablerast eit grøftesystem som leiar overflatevatn til Lekneselva. Tiltaka må følgje tilråding i rapport frå Rambøhl datert 04.07.2014.
2. Frist for ferdigstilling av tiltaka i pkt.1 vert sett til 01.09.2015.
3. Det skal takast prøvar frå sigevatnet frå fyllinga kvar vår og haust i 3 år, rekna frå og med hausten 2015. Prøvane skal testast på verdier for metallar og organiske miljøgifter.



- Prøvene skal analyserast mot parametrane vist i rapportens tabell 3.  
Dersom prøvane viser tilfredsstillande resultat etter 3 år avsluttast analysane.
4. Det skal sendast årleg analyserapportar til kommunen, med kopi til fylkesmann.

**Klage.**

Når det gjeld rett til å klaga på vedtaket vedrt det vist til forvaltningslova § 27, tredje ledd. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmann i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Lindås kommune v/Einingsleiar Arne Eikefet			

**Mottakarar:**

Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
v/G.Vangsnes			